

**Avtala om Det europeiske  
økonomiske samarbeidsområdet**

**EØS-komiteen**

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**

**nr. 92/2000  
av 27. oktober 2000**

**om endring av vedlegg XI til EØS-avtala (Telekommunikasjonstjenester)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, justert ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla “avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg XI til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 67/2000 av 2. august 2000(<sup>1</sup>).
- 2) Kommisjonsrekommendasjon 2000/417/EF av 25. mai 2000 om åtskild tilgang til tilknytingslinjer: skaping av eit konkuransedyktig og fullstendig utval av elektroniske kommunikasjonstjenester, medrekna breibandsmultimediatjenester og høgfartsinternett(<sup>2</sup>) skal takast inn i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkkel 1*

I vedlegg XI etter nr. 26h (kommisjonsrekommendasjon 98/322/EF) i avtala skal nytt nr. 26i lyde:

- “26i. **32000 X 0417**: Kommisjonsrekommendasjon 2000/417/EF av 25. mai 2000 om åtskild tilgang til tilknytingslinjer: skaping av eit konkuransedyktig og fullstendig utval av elektroniske kommunikasjonstjenester, medrekna breibandsmultimediatjenester og høgfartsinternett (TEF L 156 av 29.6.2000, s. 44).”

---

(<sup>1</sup>) TEF L 250 av 5.10.2000, s. 50, og EØS-tillegget til TEF nr. 44 av 5.10.2000, s. 3.

(<sup>2</sup>) TEF L 156 av 29.6.2000, s. 44.

*Artikkel 2*

Teksta til kommisjonsrekommendasjon 2000/417/EØS på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*, skal verte gyldig.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 28. oktober 2000, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala<sup>(\*)</sup>.

*Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjera i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Utferda i Brussel, 27. oktober 2000.

For EØS-komiteen  
Formann

G.S. Gunnarsson

Sekretærar for EØS-komiteen

P.K. Mannes                    E. Gerner

---

<sup>(\*)</sup> Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.